



Gunn Mari Moberg er ført opp som nummer to på Høgrelista . (Foto: Ola Matti Mathisen)

Veteranen Torfinn Myklebust frå Uskedalen går ut av politikken, men bygda kan likevel få ein kandidat på sikker plass på lista ved kommunevalet til hausten – viss det blir kumulering. Nominasjonsnemnda har ført opp Gunn Mari Moberg som nummer to. Høgre har no fire i kommunestyret og med samme oppslutnad vil partiet truleg få inn tre.

Nominasjonsmøtet blir halde 11. februar.

To til frå Uskedalen er å finna på lista. Dei er Steinar Kroka på 17.-plass og Knut Andre Sjøwall Eidsvik på 24.-plass.

Det er Arne Havnerås frå Rosendal som ikkje uventa toppar lista og Morten Vevatne frå Sunde har fått tredjeplassen framfor Steinar Prestnes frå Valen. Partileiar Øyvind Utne frå Rosendal er nummer fem.

Leif Sverre Enes, som nyleg meldte overgang frå Senterpartiet, er ført opp som nummer ni. Også Steinar Prestnes er tidlegare Senterpartimann.

Det var dissens i nominasjonsnemnda om kumulering. To av medlemmene ynskte to kumulerte, medan ein ikkje ville ha kumulering på lista..